




KLEPP KOMMUNE



Digital praksis i Kleppskulen

2026



© John Th. Josefson/BONO

Med blikk for alle

Innhold

Innleiing	3
Balansert bruk av digitale einingar – kva betyr det i praksis?	4
Alderstilpassa bruk på 1.-10.trinn.....	5
Trygg bruk, personvern og KI.....	6
Trygg bruk	6
Personvern	6
Kunstig intelligens	7
Ansvar, samarbeid og oppfølging.....	8

Innleiing

Barn og unge veks opp i ein kvardag der skjermar, digitale tenester og kunstig intelligens er ein naturleg del av livet. Dette gir store moglegheiter for læring, kreativitet, samarbeid og deltaking, men krev òg medvit om balanse, konsentrasjon, sosialt samspel, personvern, kjeldekritikk og digital dømmekraft. Skulen må derfor ha eit medvite og gjennomtenkt forhold til skjermbruk. Målet er ikkje mest mogleg bruk av digitale verktøy, men rett bruk – til rett tid, med tydeleg pedagogisk formål.

Samtidig kan ikkje skulen skjerma elevane frå den digitale verda dei skal leva, læra og arbeida i. Teknologi og kunstig intelligens kjem til å prega vidare utdanning, arbeidsliv, demokrati og samfunnsdeltaking i stadig større grad. Elevane treng derfor meir enn tekniske ferdigheiter. Dei må utvikla kunnskap, haldningar og dømmekraft som gjer dei i stand til å bruka digitale verktøy på ein trygg, kritisk, kreativ og ansvarleg måte.

Skulane arbeider for ein balansert praksis der analoge og digitale arbeidsmåtar utfyller kvarandre. Elevane skal møte varierte læringsformer, der lesing, skriving, samtale, praktisk arbeid og fysisk samhandling har ein naturleg plass saman med digitale verktøy. Skjermbruk skal vera gjennomtenkt og ha eit tydeleg pedagogisk formål.

Balansert bruk av digitale einingar – kva betyr det i praksis?



Balansert bruk av digitale einingar handlar ikkje om mest mogleg eller minst mogleg skjerm. Det handlar om rett bruk til rett tid.

Digitale einingar er ein naturleg del av skulekvardagen i Klepp. Elevane har digitale einingar som felles arbeidsreiskap, og dette skal leggja til rette for læring, kreativitet og samarbeid på tvers av fag og trinn. Samstundes skal digitale einingar brukast med eit tydeleg pedagogisk føremål. Det er læringsmålet, elevane sitt behov og læraren si vurdering som skal avgjera kva arbeidsmåte som passar best.

I praksis betyr dette at digitale einingar blir brukte når dei gir meirverdi for læringa. Det kan vera når elevane skal skapa og produsera tekst, bilete, lyd, film eller presentasjonar. Det kan vera når dei skal samarbeida, dela arbeid, få tilbakemeldingar eller bruka støttefunksjonar som opplesing, diktering, omsetjing og strukturnhjelp. Digitale einingar er viktige når elevane skal læra å søkja etter informasjon, vurdere kjelder, forstå personvern, utvikla digital dømmekraft og bruka kunstig intelligens på ein trygg og kritisk måte.

Balansert bruk betyr at vi vel andre arbeidsmåtar når dei eignar seg betre. Nokre gonger lærer elevane best gjennom papir, blyant, bøker, samtale, lek, praktisk arbeid, konkretar, fysisk aktivitet eller samarbeid utan digitale verktøy. Handskrift, lesing på papir, munnleg arbeid, praktiske øvingar og sosial samhandling har framleis ein viktig plass i opplæringa.

Målet er at elevane skal møta ein variert skulekvardag der digitale og analoge arbeidsmåtar utfyller kvarandre. Digitale einingar skal ikkje vera standardvalet i alle situasjonar, men dei skal heller ikkje veljast bort når dei gir betre læring, meir deltaking eller betre tilpassing.

Balansert bruk handlar difor om profesjonelle val i klasserommet: Vi brukar digitale einingar når dei styrkjer læringa, og vi brukar andre arbeidsmåtar når dei passar betre.

Alderstilpassa bruk på 1.-10.trinn

Alderstilpassinga byggjer på prinsippet om særskilt varsam bruk på 1.-4.trinn og balansert bruk av digitale einingar. Digitale einingar blir brukt når det er pedagogisk grunngeve og støttar læring og utvikling. For å sikra balanse mellom digitale og analoge aktivitetar blir digitale einingar som hovudregel ikkje brukte som belønning, pauseaktivitet eller under måltid. Dette er i tråd med helseråda, som framhevar at skjermbruk bør balanserast slik at det ikkje går på kostnad av fysisk aktivitet, leik, sosialt samspel og gode skjermfrie periodar, og at måltid skal vere utan skjerm.

Samtidig handlar alderstilpassa bruk ikkje berre om kor mykje digitale einingar blir brukte, men om kva elevane skal læra å meistra digitalt på ulike alderstrinn. Klepp kommune har derfor ein eigen *Rettleiar for elevane sin digitale kompetanse (EDK)*. Rettleiaren skildrar korleis skulane skal arbeida systematisk med digital kompetanse og digitalt medborgarskap, og skal bidra til felles progresjon, gode overgangar og ei samanhengande opplæring frå 1. til 10. trinn. EDK-retteiaren deler digital kompetanse inn i områda skapa og produsera, samhandla og kommunisera, kjeldebruk, digital livsmeistring og digital bevisstheit.

Alderstilpassinga under gir difor eit overordna bilete av korleis bruken av digitale einingar bør utvikla seg gjennom skuleløpet. For meir konkrete mål, progresjon og døme på digitale ressursar viser me vidare til *Rettleiar for elevane sin digitale kompetanse (EDK)*.



På 1.–4. trinn betyr dette at digitale einingar skal brukast med særskild varsemd, konkret og lærarstyrt. Bruken skal inngå i ein variert skulekvardag med god plass til leik, høgtlesing, papirbøker, handskrift, konkretar, munnleg språk, sosialt samspel og fysisk aktivitet.

På 5.–7. trinn kan bruken bli meir skapande, undersøkjande og fagleg retta, men framleis med tydelege rammer. Elevane skal øva på å vurdere når skjerm er nyttig, når skjermen bør leggjast bort, og korleis dei kan skapa gode arbeidsvanar og balanse.



På 8.–10. trinn får elevane gradvis meir sjølvstende og ansvar. Dei skal kunna bruka digitale verktøy kritisk og målretta, men òg ta medvitne val som vernar om konsentrasjon, læring, sosialt fellesskap, personvern og god digital livsmeistring.

Trygg bruk, personvern og KI



Trygg bruk

Elevane sine digitale einingar er administrerte av kommunen. Det betyr at skulane kan styra kva appar, innstillingar og tenester elevane har tilgang til. Dette gjer det mogleg å leggja til rette for trygg og føreseieleg bruk i skulekvardagen.

Administreringa gjer òg at kommunen kan oppdatera einingane, leggja inn godkjende appar og fjerna tilgangar som ikkje lenger skal brukast. På denne måten får elevane eit digitalt læringsmiljø som er meir likt på tvers av skulane, og som er betre tilpassa opplæringa. Det gir òg skulane betre høve til å følgja opp tryggleik, personvern og god bruk av digitale ressursar

Kommunen nyttar eit alderstilpassa nettfilter for å avgrensa tilgang til skadeleg eller uønskt innhald på elevane sine digitale einingar. Nettfilteret er tilpassa ulike alderssteg og skal bidra til at elevane møter digitalt innhald som er meir tilpassa alder, modning og behov. Denne praksisen er i tråd med anbefalingane frå Utdanningsdirektoratet om alderstilpassa tilgang til nett og digitale ressursar. Udir tilrår at skuleeigar styrer og avgrensar tilgang til internett, appar og digitale tenester ut frå elevane sin alder og modning.

For elevar på 1.–4. trinn er tilgangen særleg avgrensa etter skuletid. I praksis er nettet då stengt, og elevane har berre tilgang til godkjende nettressursar gjennom ei kvitelisting. Dette gir dei yngste elevane ein tryggare og meir oversiktleg digital kvardag, både på skulen og når dei har med seg eininga heim. Eldre elevar får gradvis meir tilgang i takt med alder, behov og opplæring i digital dømmekraft.

Samstundes er ikkje nettfilter åleine nok. Det er eit viktig teknisk tryggingstiltak, men det erstattar ikkje opplæring, samtalar og vaksenretteiing. Elevane skal læra å gjera gode val, seia frå dersom dei opplever noko utrygt, og bruka nettet på ein ansvarleg måte.



Personvern

Personvern handlar om å ta vare på opplysningar om elevane og sikra at desse blir behandla på ein trygg og lovleg måte jf. GDPR. I skulen skal digitale system og applikasjonar vera godkjende før dei blir tekne i bruk. Dette betyr at skulen ikkje fritt kan bruka kva som helst system eller app i opplæringa.

Når kommunen vurderer digitale verktøy, skal det mellom anna takast omsyn til kva personopplysningar som blir samla inn, korleis opplysningane blir lagra, og om løysinga er eigna for bruk i skulen. Føresette skal kunna vera trygge på at digitale ressursar som blir brukte i undervisninga, er vurderte og godkjende.

Elevane skal òg få opplæring i kva personvern betyr i praksis. Dei skal læra å spørja om lov før dei tek bilete eller video av andre, vera varsame med deling av informasjon og forstå at digitale spor kan få betydning for dei sjølve og andre.

[Her finn du meir informasjon om applikasjonar og programvarer som er i bruk i Kleppskulen.](#)



Kunstig intelligens

Kunstig intelligens er ein del av samfunnet elevane veks opp i. Skulen har derfor ansvar for å gi elevane alderstilpassa kunnskap om kva KI er, korleis teknologien kan brukast, og kva utfordringar KI kan føra med seg. Opplæringa skal skje på ein trygg, kritisk og pedagogisk måte.

På 1.–7. trinn har elevane ikkje tilgang til generative KI-verktøy. Her arbeider skulane med ei analog og samtalebasert tilnærming til temaet. Elevane kan til dømes samtala om språk, teknologi, bilete, kjelder og kva det vil seia å få hjelp av digitale system, utan at dei sjølve brukar KI-tenester.

På 8.–10. trinn har elevane tilgang til kommunen si eiga KI-løysing, **KI Jærskulen**. Dette er ei løysing utvikla i samarbeid med Jærskulen. Andre språkmodellar er blokkerte for elevane. Slik sikrar kommunen at elevane møter KI innanfor trygge og pedagogisk tilpassa rammer.



KI Jærskulen

- KI i pedagogisk kontekst.
- Læringsstøttande chatbotar.
- Trygg og godkjend KI-løysing
- Skal støtta, ikkje erstatta
- Utvikla i samarbeid med Jærskulen
- Innebygd personvern

Ansvar, samarbeid og oppfølging

God og balansert bruk av digitale einingar krev felles forståing og tydelege roller. Arbeidet med digital praksis skal vera trygt, læringsfremjande og godt forankra i skulekvardagen.

Skuleeigar	har ansvar for digitale løysingar, trygg infrastruktur, personvern, informasjonssikkerheit og felles rammer for skulane. Skuleeigar har òg ansvar for at skulane får nødvendig kompetanse og støtte i arbeidet med digital praksis.
Skuleleiinga	har ansvar for at innhaldet er kjent og brukt på skulen. Leiinga legg til rette for felles drøftingar i personalet, slik at lærarane utviklar ein gjennomtenkt og mest mogleg lik praksis. Skulen vurderer jamleg om bruken av digitale einingar støttar læring, inkludering, variasjon og elevane sin digitale kompetanse.
Læraren	har ansvar for dei pedagogiske vala i klasserommet. Det er læraren som vurderer når digitale einingar gir meirverdi, og når andre arbeidsmåtar passar betre. Læraren set tydelege rammer for bruk av digitale einingar, leier elevane i arbeidet og sikrar variasjon mellom digitale, analoge, praktiske, munnlege og fysiske arbeidsmåtar.
Elevane	har ansvar for å bruka digitale einingar som læringsverktøy. Dei følgjer skulen sine reglar, tek vare på utstyret og utviklar god digital dømmekraft. Etter kvart som elevane blir eldre, får dei større ansvar for eigne val, eiga læring og eigen digital praksis.
Føresette	er viktige samarbeidspartnarar. Skulen informerer føresette om korleis digitale einingar blir brukte i opplæringa, kva forventningar skulen har, og korleis heim og skule kan samarbeida om gode digitale vanar.